



Reknes Byggjevarer LI
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4513 - 21/32921

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
20.05.2021

Svar på førespurnad om behov for bruksendring - gbnr 214/109 Fyllingsnes

Vi viser til dykkar førespurnad om status for bygning på gbnr 214/109 på Fyllingsnes, og om bygget kan takast i bruk som bustad. Bygget er i matrikkelen registrert som fritidsbustad og bygningskode 161, men er godkjend oppført som bustad.

Heimelshavar opplyser i telefonsamtale 14.05.2021 at bygget, så langt han kjenner til, har vore i bruk som heilårsbustad nesten heilt fram til han overtok eigedomen i 2019, med nokre unnatak, som ein periode på 1970-talet.

Bilete av eigedomen



Planstatus:

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Storneset strandplan del av Fyllingsnes, frå 1977, der eigedomen er avsett til hytteføremål. Bygget er i planen registrert som eksisterande fritidsbustad.

Det går fram av føresegn 4.5 i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 at strandplanen gjeld med suppleringar/endingar av kommuneplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.



Vurdering

Det går fram av kommunen sitt arkiv at bygget er godkjent etablert som våningshus i 1967. Det er ingen opplysningar i kommunen sitt arkiv som viser at bygget er bruksendra til fritidsbustad, og matrikkelen gjev heller ingen opplysningar om at bygget har endra bygningsstatus. I følgje kommunen sitt gebyrregister er det betalt kommunale avgifter som for fritidsbustad.

For ein del bygningar er opplysningar om bygningstype i matrikkelen koda ut i frå utsjånad og liknande, og ikkje etter undersøkingar om kva som føl av gjevne løyve. Dette gjeld i hovudsak bygningar som er etablert før 1983. Det føl av matrikkellova § 26 at du kan krevja retting av opplysningar om bygningar dersom du kan dokumentera at opplysningane som er registrert er feil.

Kommunen legg på bakgrunn av dokumentasjon i saka til grunn at bygget på eigedomen er oppført som og har vore i bruk som heilårsbustad.

Saka vert oversend Kart og oppmåling for retting av bygningskode i matrikkelen.

Vi gjer merksam på at eit kvart søknadspliktig tiltak på eigedomen vil verta behandla i samsvar med gjeldande plangrunnlag. I dette tilfelle vil det seia at alle tiltak knytt til heilårsbustad på eigedomen vil vera i strid med arealføremålet fritidsbustad.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Heine Fyllingsnes

Litlevågsbrotet 9

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer LI

Masfjordvegen 187

5986

HOSTELAND